

Det kongelige Kommunal- og  
regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
Noreg

Dykkar ref: 11/1383-1 ERA  
Vår ref: 2011/147/THER  
Dato: 12.09.2011  
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



## HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I KOMMUNELOVA OG ENKELTE ANDRE LOVER (EIGENKONTROLL I KOMMUNANE M.M.)

Mattilsynet har motteke forslag til endringar i desse lovane på høyring og her følgjer innspelane våre.

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som er med på å sikre forbrukarane trygg mat og trygt drikkevotn. Vi skal fremme folke-, plante-, fiske- og dyrehelse, miljøvennleg produksjon og etisk forsvarleg hald av fisk og dyr. Mattilsynet har også oppgåver i samband med kosmetikk og legemiddel, og fører tilsyn med dyrehelsepersonell. Mattilsynet har tre forvaltingsnivå med hovudkontor i Oslo, åtte regionkontor og 54 distriktskontor. Til saman har Mattilsynet omlag 1300 årsverk. Dei 54 distriktskontora utfører praktisk talt alt utøvande tilsyn, og dannar difor grunnpilaren i Mattilsynet. Med kontorstader over heile landet, er Mattilsynet nær både forbrukarane og dei aktuelle verksemdene – i dette høve, kommunane.

Kommunane spelar ein viktig rolle når Mattilsynet handsamar hendingar på Mattilsynet sine områder i forvaltninga. Kommunane har plikt til å hjelpe Mattilsynet, jamfør matlova, § 23. Ved utbrot av zoonosar, næringsmiddel- og vassborne sjukdomar har kommunen og Mattilsynet sine distriktskontor gjensidig varslingsplikt, sjå smittevernlova. Kommunen skal også leie arbeidet med å handsame slike utbrot. Kommunane har også ansvaret for å organisere veterinærvakta, jamfør lov om veterinærar og anna dyrehelsepersonell § 3a. Dei privatpraktiserande veterinæranne er førstelinja som vil fange opp tilfelle av alvorleg smittsam dyresjukdom og dårleg dyrevelferd. Ei god organisering av veterinærvakta er ein føresetnad for å kunne avgrense smittespreiing og lidingar hos dyr.

Som eigar av til dømes vassverk, aldersheim, skoler og barnehagar, har kommunen eit ansvar for beredskap på linje med andre verksemdar, sjå matlova. Mattilsynet fører mellom anna tilsyn med kommunane si handsaming av drikkevotn. Dess betre eigenkontrollen til kommunen er, dess mindre tid og ressursar går det til å sikre at forbrukarane får trygg mat og trygt drikkevotn.

God egenkontroll i kommunane gir difor også eit betre grunnlag for godt samarbeid ved hendingar. I mangel av andre sanksjonar ved manglande egenkontroll eller når ein avdekkjer avvik, meiner Mattilsynet at rapportane frå eigenkontrollen må leggjast ut til allment innsyn slik at ros og ris frå både innbyggjarane i kommunen og andre etatar som Mattilsynet kan gjere kommunen ansvarleg.

Med helsing

Kristina Landsverk  
Tilsynsdirektør

Hedda Høiland Aas  
Beredskapskoordinator

Kopi til:  
Landbruks- og matdepartementet  
Helse- og omsorgsdepartementet  
Fiskeri- og kystdepartementet